

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO



Oslo, 2. september 2010

Vår ref.: 423.73/LRK
Dykkar ref.: 10/1235-1 MAR

Høyringsvar – DIFI-rapport om sentral valeining

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) viser til Kommunal- og regionaldepartementets brev av 11. mai d.å., der departementet bed om kommentarar til Difi-rapport 2010:3 *Valgets kval? Utredning for etablering av en sentral valgenhet*. Vi takkar for mulegheita til å kome med innspel til departementets arbeid med denne saka.

LNU representerer 92 frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar med til samans kring 500 000 medlemmer. Organisasjonane representerer eit breidt mangfald av aktivitetar og verdiar, og femnar om alt frå orkester- og speidarorganisasjonar til livssynsbaserte organisasjonar og dei politiske ungdomspartia. LNU er ein interesseorganisasjon for medlemsorganisasjonane, og fremjar deira felles interesser for styresmakter og viktige samfunnsinstitusjonar. LNU arbeider for ein heilskapleg barne- og ungdomspolitik som fremjar ungdom som sjølvstendige samfunnsaktørar, ikkje berre målgruppe for ulike tiltak.

LNU vil med dette kommentere visse tilhøve som er omtalte i del 7 av DIFI-rapporten ("Utforming av sentral valgenhet"), og som er relevante for ungdom som veljargruppe og såleis som aktive deltakarar i det norske demokratiet, eller som er relevante for tilhøvet mellom LNU som organisasjon og departementet.

Kommentarar til avsnitt 7.1.1 ("Overføring av oppgaver fra KR D")

I avsnittet blir det drøfta overføring av oppgåver innanfor fleire ulike felt. LNU vil her gje kommentarar til dei vurderingane som gjeld regelverksforvaltning, dei som gjeld informasjon og rettleiing, og dei som gjeld utviklingsoppgåver.

Mellom dei *regelverksoppgåvene* som er vurderte for overføring til ei sentral valeining, er tildeling av tilskott til organisasjonar som ønskjer å informere og stimulere til auka valdeltaking. LNU opplever at vi som søker til denne tilskottsordninga har eit ryddig og godt tilhøve til departementet. Uavhengig av dette meiner LNU at ei overføring av tildelingsansvaret til ei sentral valeining vil kunne sikre brei tillit til politisk uavhengige og faglege vurderingar av søknadene frå organisasjonane.

LNU stør såleis vurderinga av at denne oppgåva er eigna for å først over til ei sentral valeining. Valeininga bør også ha ei fagleg rådgjevarrolle når departementet skal fastsetje kriteria for å gje tilskott til informasjonsverksemd.

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

The Norwegian Children and Youth Council
El Consejo de la Juventud de Noruega

Øvre Slottsgate 2 B,
NO-0157 Oslo
Telefon +47 23 31 06 00
Telefaks +47 23 31 06 01
lnu@lnu.no
www.lnu.no

Org.nr.: NO 971 435 739
Bankkonto: 8398 05 05475
SWIFT: HANDNOKK
IBAN: NO24 8398 0505 475





Når det gjeld *informasjonsoppgåver*, viser rapporten til at "KRDs informasjonskampanjer [er] rettet mot hvordan man går fram for å stemme, altså ikke oppfordring til bestemte målgrupper om å stemme", og det blir konkludert med at det derfor er uproblematisk å overføre disse oppgåvene til ei sentral valeining. LNU meiner det er viktig å sikre at alle veljargrupper har lik mulegheit til bruke røysteretten, uavhengig av alder, funksjonshinder eller språkbarrierar. Ei definert ansvars plassering for informasjon med dette føremålet, i eit eksternt organ, slik som ei sentral valeining, vil kunne styrkje arbeidet fagleg og kapasitetsmessig.

LNU tilrår derfor at ansvaret for informasjonsoppgåver i samband med val blir plassert i ei eventuell ekstern valeining.

Mellom dei *utviklingsoppgåvene* som er vurderte for overføring til ei eventuell sentral valeining, er ansvaret for forsøksverksemd. Slik verksemd vil ofte dreie seg om tiltak for å styrkje politisk deltaking og engasjement. Eit døme på dette er forsøket med røysterett for 16- og 17-åringar ved kommunevalet i 2011. LNU meiner at sjølv *avgjerda* om potensielt kontroversielle forsøk av denne typen høyrer heime på eit politisk nivå, men at det vidare er viktig med brei tillit til at *gjennomføringa* av forsøk skjer på grunnlag av faglege og politisk nøytrale vurderingar. Til dømes blir det i rapporten (s. 20) stilt spørsmål om politisk leining i departementet skal kunne styre utveljinga av kommuner som får delta i forsøk. Rapporten konkluderer, utan at det blir svara på det omtalte spørsmålet, med at "forsøk bør foregå i valgenhetens regi" og vidare med at "[e]valuering av forsøk bør foretas av eksterne miljøer" (s. 23).

LNU stør tilrådinga i rapporten om at ansvar for gjennomføring av forsøksverksemd, og såleis for utveljing av forsøkskommunar, blir overført til ei eventuell sentral valeining. Vidare står LNU tilrådinga om at eksterne miljø bør føreta evaluering av forsøk. Desse miljøa bør ha forskarkompetanse på alle felt som er relevante for forsøket.

Kommentarar til avsnitt 7.1.4 ("Andre premisser")

I rapporten viser DIFI til at kommunar og fylkeskommunar kjem til å vere dei primære brukarane av valeininga, og meiner at det er grunn til å opprette eit brukarforum for dialog med desse.

LNU meiner at ikkje berre er valarrangørane, men også veljarane må reknast som brukarar av dei "tenester" ei sentral valeining skal ha ansvar for. LNU meiner derfor at ei sentral valeining bør ha ein kontinuerleg dialog med representanter for veljargrupper som det er knytt særlege utfordringar til når det gjeld å informere om val eller sikre at alle røysteføre får like mulegheiter til å bruke røysteretten. Mellom slike veljargrupper kan nemnast ungdom, eldre, dei med ulike funksjonshindringar og språklege minoritetar.

LNU stør tilrådinga i rapporten om at ei sentral valeining bør ha eit fast forum for dialog med brukarane, men meiner at dialogen med "sluttbrukarane" best kan sikrast ved både valarrangørar og ulike veljargrupper er representerte i eit brukarforum.



Kommentarar til avsnitt 7.2 ("Behov for rolleavklaring")

Det blir i rapporten (s. 26f) stilt spørsmål om ei valeining skal ha ei iverksetjande sekretariatsrolle eller ei meir fagleg direktoratsrolle som fagleg rådgjevar og kompetanseorgan. Over har LNU vist til ulike oppgåver som med fordel kan førast over til ei ny, ekstern valeining dersom det inneber ei tydelegare ansvars plassering og ei styrkt fagleg handtering av oppgåvene.

LNU meiner derfor at ei eventuell ekstern valeining bør ha ei brei direktoratrolle. Valeininga må samstundes sikrast rammevilkår som gjer det muleg å knyte til seg brei fagkompetanse.

Avsluttande kommentar

Dersom departementet vel å organisere ei eventuell ekstern, sentral valeining etter dei tilrådingane frå DIFI som LNU stør her i vårt høyringssvar, vil det kunne styrkje både det faglege grunnlaget for avgjerder som krev ei politisk nøytral handsaming, og tilliten til ryddige prosessar på området. Det vil også forenkla ein brei dialog mellom borgarane og dei som ansvarar for det norske valdemokratiet, og tydelegare enn i dag plassere ansvaret for at alle borgarar skal ha like mulegheiter til å bruke røysteretten sin. På dette grunnlaget vil LNU tilrå at det blir oppretta ei ekstern, sentral valeining.

Med helsing

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Bjarne Dæhli'.

Bjarne Dæhli
leiar

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Tale Hungnes'.

Tale Hungnes
generalsekretær

